

Fra: Svein Jarle Slinde [svein.jarle@slinde.no]

Til: postmottak@sogndal.kommune.no. [postmottak@sogndal.kommune.no.]

Kopi: ketil-oe@online.no [ketil-oe@online.no]

Sendt: 12.01.2021 09:35:13

Emne: Støtte til skiløyper i Øvstedalen

Vedlegg:

Hei!

Norane Idrettslag søker om 10 000 kr i støtte til løypekøyring i Øvstedalen.

Om tiltaket:

Dei siste åra har Norane Idrettslag brukt av eigne midlar og med frivillig løypeavgift på Vipps(fungerar godt, sidan dei lokale er flinke å støtte opp!) for å få køyrt skiløyper i Øvstedalen.

Det har blitt køyrt løyper med trakkemaskin for å kople seg på løypenettet som kjem både frå Hollekve og Njøsadalen.

Dette har ført med seg at det også er ganske mange som tek rundturen frå Hollekve og heilt ned ved Svartavatnet i Øvstedalen, når dei først er ute på trimturar.

Me har og starta dialog med Statnett om å få trakke løype rundt trafostasjonen på Hagafjellet, sidan dette er vorte ein populær utfartstad.

No som idrettskule, korps, skyting og andre aktivitetar i bygda er under sterke koronarestriksjonar, ser me på det som ekstra viktig å få til eit tilbod som gjer at spesielt barn og unge kjem seg i aktivitet.

Me ser og på dette som ein god måte å visa fram Sogndal kommune på, ved å hjelpe til med eit løypenett som ein før berre kunne drøyma om.

Me legg ned mykje dugnasinnsats for å få til dette. Omsøkte midlar vil bli brukt til leige av utstyr, kjøp av drivstoff og eventuelt vedlikehald.

Støtte til løypeavgift er kanskje noko som burde gå via idrettsrådet, men tida i år vart litt knapp. Send gjerne e-post vidare til idrettsrådet.

For Norane Idrettslag

Svein Jarle Slinde

Anleggsansvarleg